

Delt ut refleksvestar på Kafe Tiaren

07.02.2017



Svein Arne Eidsvik, styreleiar i SparebankStiftinga, delte ut refleksvestar til alle gjestene på Kafe Tiaren.

Svein Arne Eidsvik, styrleiar i SparebankStiftinga Kvinnherad, møtte fram på Kafe Tiaren i dag og delte ut refleksvestar til alle frammøtte. Tidlegare i vinter har Eidsvik og leiinga delt ut vestar til borna i barnehagane, elevane på skulen og alle tilsette. Til no er det delt ut om lag 4000 refleksvenstar i Kvinnherad.



Ei sentral målgruppe for utdeling av refelksvestar, er pensjonistar og alle turgåarar. Her er tre nøgde medlemer i Helselaget si turgruppe. Målgruppa er born, vaksne og pensjonistar. Særleg vil ein nå ut til turgårarane i alle bygder. I dag fekk Svein Arne Eidsvik møta turgruppa i Uskedal Helselag som er fast ute på sin tur kvar tysdag før dei samlast på Kafe Tiaren i Gamleskulen.

På neste opne møte i Uskedal utvikling, onsdag 1. mars, vil SparebankStiftinga stå fram med informasjon og presentasjon av den nye daglege leiaren Daniel Morso, frå Bodø. Stiftinga jobbar med nye retningslinjer for

tildeling, noko ein vil sei meir om på møte i Uskedalen. Utlysing av midlar våren 2017 kjem kring 21. februar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal